



ETNE KOMMUNE
TENESTETORGET

Hordaland fylkeskommune
15 SEPT 2014

Hordaland Fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
pb 7900
5020 BERGEN

Etne, 12.09.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2014000684/2014006701

Arkiv:

N-256

Sakshandsamar:

NIH

KULTURHISTORISK LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE

Saka vart handsama i Komite Forvaltning 11.9.14. Vedlagt følgjer kopi av saka.

Med helsing



Beate Helleflåt
Konsulent



Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Forvaltning	11.09.2014	059/14	NIH

Sakshandsamar: Nils Halleland	Arkiv: N-256	Arkivsaknr: 2014000684
---	---------------------	----------------------------------

KULTURHISTORISK LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE

Vedlegg i saka:

Brev frå Riksantikvaren, datert 17.06.2014

Kopi av høyringsutkast frå Riksantikvaren, side 14 og 15 (det som gjeld Etne)

Utrykte saksdokument:

Brev frå Riksantikvaren, datert 25.04.2014

Brev frå Riksantikvaren, datert 27.05.2014

Høyringsutkast frå Riksantikvaren, mai 2014

Saksgang:

Komite Forvaltning

Utskrift til:

Riksantikvaren
Hordaland Fylkeskommune, kultur og idretts avdelinga
sakshandsamar

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland – høyring. Frist 1. oktober 2014.

2. Bakgrunn for saka:

Riksantikvaren kom i brev av 27.5.2014 med høyringsutkast til kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Høyringsutkastet, som omfattar ni område i Hordaland, er ledd i arbeidet med å etablere eit register for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Forprosjektet er eit oppdrag til Riksantikvaren frå Klima- og miljødepartementet og vert gjennomført i Hordaland og Østfold. Arbeidet skal munne ut i eit førebels utval av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i dei to fylka. Det skal også gje naudsynete erfaringar for å avgjere om og korleis eit landsomfattande prosjekt skal gjennomførast. Saman med andre instansar og berørde kommunar, deltok Etne kommune den 13. august 2014 på høyringsmøte om saka i Bergen.

3. Problemstilling:

Eitt av dei ni områda som ligg inne i høyringsutkastet for Hordaland, ligg i Etne kommune. Det er avgrensa innafor ei line som følgjer høgdedraga oppe i liene rundt Etnebygda mot nord og sør. Den kryssar Etnefjorden utafør Osnes mot vest og ved vassendane i Stordalen og Litledalen mot aust. Området innfattar heile Etne sentrum og gardane rundt. Sjå vedlagt kart.

Framlegget frå Riksantikvaren omfattar følgjande område i Hordaland:

1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar
2. Byfjellene i Bergen, Bergen kommune
3. Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar
4. Søre Bømlo, Hespriholmen og Langevåg, Bømlo kommune
5. Etne, Etne kommune
6. Rosendal, Kvinnherad kommune
7. Indre Sørfjorden, Odda kommune
8. Ytre Sørfjorden, Ullensvang herad
9. Eidfjord, Eidfjord kommune

4. Vurdering:

Behovet for eitt register over områder som har kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse og kvifor er nettopp dette området valt ut.

Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har godkjent, gjeld alt landskap - frå bylandskap til kyst- og fjellandskap, frå særleg verdfulle landskap til landskap som treng kvalitetshevande tiltak. Han utfordrar landa til å erkjenne at kvalitet i og mangfald av landskap er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. Riksantikvaren meiner det trengst oversikt over kva landskapsverdiar som finst for å kunne gjere dette på ein god måte. Landskapet er både ein verdi som skal forvaltast og ein ressurs som kan utviklast og gje grunnlag for ny verdiskaping.

Konvensjonen oppmodar difor til å kartlegge og prioritere landskap. Kulturminneforvaltinga har eit særskilt ansvar for å halde oversikt over kva kulturhistorisk verdfulle landskap som finst.

Etne er svært rik på kulturminne og verdfulle kulturlandskap, fordelt over heile kommunen. Det meste av dette er allereie registrert og/eller regulert i eksisterande register over kulturminner og omsynssoner, og det er grunn til å stille spørsmål ved, om ein treng enda eitt register.

Riksantikvaren skriv m o a dette:

«Landsskapet er inntrykkssterkt, og har jordbruk med stor tidsdjupne og kontinuitet. Landsskapet har ein mengde og konsentrasjon av bergkunst, busetnad og gravminne som er høg i nasjonal samanheng, og som på framståande vis er leseleg i landskapet. Landskaper er i nasjonal samanheng særleg historieforteljande.»

I dette fallet er det *heilskapen* i landsskapet som dannar grunnlaget for framlegget.

Ikkje verneplan, det er kommunen sjølv som set avgrensingane.

Det vert frå Riksantikvaren presisert at dette ikkje er ein verneplan.

Det er ikkje snakk om vernevedtak.

Han ønskjer at utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, skal verte ein premiss for lokal planlegging og forvaltning, - og for regional og nasjonal planlegging. Arbeidet skal gje eit kunnskapsgrunnlag slik at kommunane kan drive ei betre lokal forvaltning av landskap med kulturhistoriske verdiar. Registeret vil ikkje i seg sjølv innebere vern av dei prioriterte områda, men skal vere eit hjelpemiddel i arealdisponeringa i kommunen.

Statusen for områder inkludert i dette registeret kan likevel gje grunnlag for motsegn, noko som i seg sjølv kan medføre meirarbeid under sakshandsaming i m o a plan og byggesaker. Dette, til tross for at sentrale myndigheter gir signal om enklere byråkratiske prosesser i slike saker.

Det er likevel kommunen sjølv, gjennom eige planverk, som skal vedta dei føringar og premiss som skal gjelde for det aktuelle området.

Føresegnene i dei kommunale planane, bør derfor vera føringar av generell karakter og på eitt overordna nivå.

Konsekvens for Etne og korleis ein skal forholde seg til statusen for område registrert som «kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse»?

Nokre av dei framømte under høyringsmøtet i Bergen uttrykte skepsis til prosjektet, men det var også dei som såg positivt på å verta klassifisert blant kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Det aktuelle området i Etne er både ein verdi som skal forvaltast og ein ressurs som kan utviklast og gje grunnlag for ny verdiskaping.

Registeret og tilhøyrande lokalt planverk skal vera eit verktøy for kulturminneforvaltinga og innspel til kommunal og regional arealplanlegging og nytte for samarbeid med ulike sektorstyresmakter.

Registeret bør også styrke dialogen mellom kommunane og regional kulturminneforvaltning tidleg i plansaker, slik at ein kan unngå konflikhtar om arealbruken i verdifulle kulturhistoriske landskap.

Opnar ein for at framlegget vert ståande slik det ligg føre, må ein sjå til at kommunen sitt planverk ikkje set avgrensingar som vert til hinder, eller at områdestatusen vert ståande i vegen for ei god utvikling for Etnesamfunnet, - i samsvar med vår kulturhistorie.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Høyringsuttale frå Etne kommune gjeldande Riksantikvaren sitt prosjekt for eitt register for kulturhistoriske landsskap av nasjonal interesse i Hordaland:

Utvalet av område i Etne, slik det ligg føre på kart i framlegget frå Riksantikvaren, i brev av 27.05.2014, vert tatt til etterretning med følgjande merknader:

1. Etne kommune verdset å vera del av kulturhistorisk landsskap av nasjonal interesse,
2. Status som kulturhistorisk landsskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot landsskap og samfunnsutvikling.
3. Registreringane må ikkje føre til tilleggsprosessar i plan- og byggjesaker.
4. Føresegner og planverk skal vedtakast lokalt og ikkje vera til hinder for ei god utvikling for Etnesamfunnet.

11.09.2014 KOMITE FORVALTNING

FV-059/14 VEDTAK: samrøystes

Høyringsuttale frå Etne kommune gjeldande Riksantikvaren sitt prosjekt for eitt register for kulturhistoriske landsskap av nasjonal interesse i Hordaland:

Utvalet av område i Etne, slik det ligg føre på kart i framlegget frå Riksantikvaren, i brev av 27.05.2014, vert tatt til etterretning med følgjande merknader:

1. Etne kommune verdset å vera del av kulturhistorisk landsskap av nasjonal interesse,
2. Status som kulturhistorisk landsskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot landsskap og samfunnsutvikling.
3. Registreringane må ikkje føre til tilleggsprosessar i plan- og byggjesaker.
4. Føresegner og planverk skal vedtakast lokalt og ikkje vera til hinder for ei god utvikling for Etnesamfunnet.

12.9.14
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift
Beate Hestved